

# Utdanningsplan Helse Førde- gastroenterologisk kirurgi

## Spesialitet: Gastroenterologisk kirurgi

**Beskriving av utdanningsverksemda:** All kirurgisk aktivitet i Helse Førde skjer ved Førde Sentralsjukehus. Sjukehuset har nedslagsfelt på om lag 108 000 innbyggjarar. Gastrokir. foregår i felles kir. avd. for all kirurgisk verksemd, og 16 senger i sengeposten med totalt 32 senger er «øyremerka» for gastrokir.

pasientar. Det er 4 overlegestillingar i gastrokir. ved avdelingen, p.t. er 3 besatt 4. stilling blir tilsett august 2023. Det er ein stilling for LIS3 i gastroent. kir. utdanning, og dessuten 6 LIS2 i gen. kir. som roterer kvart halvår mellom gastrokir. og den øvrige kir. verksemd ved avdelingen. Overlegar i gastrokir. deltek i 6-delt gen.kir. tertiærvakt saman med overlegar i urologi med gen.kir. kompetanse. Det er 7-delt LIS2/3-vakt bak LIS1 der alle LIS har tilstadesvakt på sjukehuset.

Den gastrokir. verksemd har god kompetanse på alle dei områder i gastrokir. som etter gjeldande funksjonsforleling skal foregå i Helse Førde. Colorectal kirurgi for CRC-cancer er viktig område for verksemda ved avdelingen, og samarbeid med med. avd./rad. avd. for utgreiing og Kreftavd. for onkologisk beh. er velutvikla og godt. Det vert elles gjort alla annan vanleg abdominalkir. både som ø.hjelp og elektiv kirurgi, og det vert gjort om lag 60 overvektinngrep årleg. Laparoskopisk kir. tilnærming dominerer fullstendig for benign kirurgi, og dominerer no også for CRC-cancer.

Radikalkir. for ca. øsofagi, ca. ventriculi, ca. pancreatis og maligne tilstandar i lever/gallevegar vert utført på HUS etter utgreiing i eigen avdeling. Bekkenreservoarkir. vert også gjennomført på HUS.

Kir. avd. har saman med Kreftavd. aktiv haldning til palliativ kirurgi.

**Beskriving av utdanningsløpa:** LIS 3 i gastrokir. er tilknytta gastrokir. verksemd uten å delta i rotasjon. Denne deltek aktivt i operativ verksemd under veiledning av ovelege, men også sjølvstendig. I tillegg er postarbeid,

arbeid på poliklinikk of vaktarbeid viktig del av tenesta. I tillegg deltek LIS3 i internundervisning 2 t /veke, får gjennomgå alle relevante kurs, og har tilgang til simulatorentrening. På denne måten vert fleirtalet av læringsmål i gastrokir. oppnådd i eigen avdeling, men nokre må ein til HUS for å oppnå, dette gjeld særleg maligne tilstandar i øvre GI-tractus og i pancreas og lever/galle. Dette vil krev tilleggsteneste på større sjukehus, for fleirtalet av LIS3 ved Førde Sentralsjukehus vil denne tilleggsteneste bli på HUS der utdanningskandidat truleg vil ha behov for 1,5 år.

**Introduksjon av nye LIS :** Dei fleste som etterkvart blir LIS3 i gastroent. kir. i Helse Førde har starta som LIS2, ikkje få av desse har også vore LIS1 ved avdelingen. Ein viser til overordna utdanningsplan LIS2 i gen kir. Alle LIS blir tildelt veileidar. Det er tett kontakt mellom LIS 2 og 3 og overlegar ved avdelingen. Formelle veiledarsamtalar vert gjennomført minst 1 gong pr. mnd.

**Supervisjon, veiledning og fagleg utvikling:** For alle i LIS-stilling ved kir. avd. er supervisjon gjennomgåande i alt arbeid som vert utført, dette gjeld spesielt den operative verksemd der LIS2 og 3 arbeider tett med spesialist i faget. I polikl verksemd har LIS 2 og 3 alltid lett tilgang til overlege for rådslaging. Ved avd.arbeid skjer dette også i tett samarbeid med overlege som dei fleste dagar er med på previsit/visitt for gastrokir. pasientar. LIS3 i gastrokir. deltar på vekentlege MDT-møter med gastrokir. problemstillingar. LIS2 og 3 har avsatt 3 t pr. veke på tenesteplan til fordjuping.

**Vurdering og dokumentasjon av oppnådde læringsmål:** LIS3 i gastrokir. har månadleg veiledarsamtale med sin veileidar, og veileidar diskuterer ev. utfordringar som måtte oppstå i overlegegruppa ved behov. Oppnådde læringsmål skal dokumenterast i Kompetanseportalen og signerast av veileidar el. avd.sjef.

**Teoretisk undervisning:** Det er avsatt tid til 2 t. teoretisk undervisning pr. veke der sentrale tema i faget/læringsmål vert gjennomgått, og der LIS3 sjølv bidreg med innhald. Dette blir pr. år minst 70 t. Det vert gitt permisjon og økonomisk støtte til obligatorise/teljande nasjonale kurs.

**Felles kompetansemål (FKM):** Storparten av læringsmåla i FKM skal bli oppnådd gjennom klinisk praksis, dette gjeld også etisk refleksjon som må utviklast gjennom erfaringsdeling knytt til pasientcase og hendingar i den kliniske kvardag. Fokus på kvalitetsforbetring i den kliniske kvardag med understreking også for utdanningskandidatar av arbeid knytt til den nasjonale pasientsikkerhetskampanjen, arbeid med antibiotikastyring og deltaking i kvalitetsregister, er viktig i haldningsbygging som har klar plass i den kliniske kvardag i kir. avd. E-læringskurs og deltaking i MDT-møter, har også plass i dette.

**Utdanningsutval og utdanningsansvarleg overlege:** Kirurgisk avdeling har sitt utdanningsutval som består av leiar (overlege) og to andre medlemmer (overlege og LIS 2), det er ikkje eige utdanningsutval for gastrokirurgi. Veileidar for LIS3 i gastrokir. har sentral rolle for LIS3, p.t er denne identisk med utdanningsansvarleg overlege som er spesialist i gastroent. kir.

**Forsking:** For tida er forsking innafor gastrokirurgi knytta til overvektsforsking som blir styrt frå Høgskulen i Sogn og Fj. Det er for aktuelle fullt høve til å bli med i slikt arbeid. Som LIS1 skal alle ha gjennomført FKM-LM 10-12 om forskningsforståing, og som LIS2/3 FKM-LM 13 som gjeld forskningsprotokoll, lovverk og forskningsetikk. Forsking som tema er del av obligatorisk gruppeveiledning for LIS2/3. Forskningsveiledn. Vert gitt av «Senter for helseforsking», eit samarbeid mellom Helse Førde og Høgskulen på Vestlandet, men all forsking skjer i regi av Helse Førde. Personvernombodet er sentral i å sikra korrekte søknadsprosessar.

**Individuell utdanningsplan:** Ved tilsetjing vil det bli utarbeidd individuell utdanningsplan for LIS, som viser kva LIS skal gjennomføra (læringsmål, læringsaktivitetar og læringsarenaer), basert på kvar i utdanningsløpet LIS startar. Den individuelle utdanningsplanen skal utarbeidast av LIS i samarbeid med veileidar og evt. utdanningsansvarleg overlege. Planen skal godkjennes av leiar.

**Simulering og ferdigheitstrening:** Det er laga simulatorrom for øving bl.a. på laparoskopi. Her har LIS tilgang på D-boksar for å driva

ferdighetstrening. 1-2 gg årleg er det lagt opp til BEST-trening, og kvar 6. veke er det organisert traumemottakstrening etter ATLS-prinsippet.

**Tillitsvalde:** Kir. avd. har p.t. hovedtillitsvald på Førde sentralsjukehus, og ivaretek tillitsvaldoppgåver for alle LIS i kir. avd.

**Kontakt:** For spørsmål om spesialistutdanningen ta kontakt med avd.sjef kir. avd.